



Uskedalskoppene i to fargar, ei fin lokal julegåve designa v Mokka Design.

**På oppdrag for Uskedal Utvikling har Mokka Design utforma og produsert både handlenett og kopp med lokale motiv. Turkoppene med namn på fjella rundt Uskedalen er å få kjøpt på SPAR. Det er to variantar, i blå og i kvit farge.**

Ver kjapp om du vil sikra deg ei lokal julegåve. Koppen sel godt, men Gunn Mari på SPAR fortel at det er meir på lager. Fram til jul er koppen å få med konfekt eller sjokolade, innpakka som ei gåve.

Mokka Design er eit uskedalsfirma med Monica Hansen som dagleg leiar. Monica driv grafisk designfirma med arbeid innan grafisk utforming. Ho har nettbutikken kabid.no der du kan sjå og tinga produkta hennar.

Prisen er sett til kr. 200,- og hugs at du på denne måten er med og støttar arbeid Uskedal Utvikling gjer for bygdeutvikling og elles mange gode tiltak.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Uskedal Utvikling